

**SVEIO KOMMUNE**

# **KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET**

## **ÅRSMELDING 2019**



Foto: T. Hallsjø

**KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET**

**SVEIO KOMMUNE**

---

## INNLEIING

---

Kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp drøfta, og handsama i 2019.

I følgje kommunelova § 23-5 skal "**kontrollutvalet rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret**".

---

### 1. OM KONTROLLUTVALET

---

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen gjennom rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon og selskapa som kommunen eig eller er deleigar i (eigarskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og der er ei eige forskrift om kontrollutval og revisjon.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og legg fram si innstilling til dette. Kontrollutvalet har eige reglement, vedteken av kommunestyret i 2012 og revidert i 2014.

---

### 2. MEDLEMMENE I UTVALET

---

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene. Kontrollutvalet skal ha minst fem medlem, og etter § 23-1 skal minst eit medlem veljast blant kommunestyret sine representantar. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet. Medlemmene kan heller ikkje vere medlem eller varamedlem i andre utval, som har avgjerdsrett, eller vere i styret eller bedriftsforsamlingar, der kommune har eigarinteresse.

Utvalet har i 2019 hatt følgjande medlemmer:

#### Faste medlemmer

Leiar	<b>Olav Haugen</b> (KrF)
Nestleiar	<b>Hans Christian Andersen</b> (Frp)
Medlem	<b>Heidi Selsås</b> (Ap)
Medlem	<b>Gustav Eidsvåg</b> (Frp)
Medlem	<b>Torill Hagland</b> (H)

#### Numeriske varamedlem:

1. Sissel Lier Høiness (Ap)
2. Haldis R. Stueland (Krf)
3. Svein Bua (H)
4. Helga Reinertsen (Sp)

Gustav Eidsvåg var utvalet sin kommunestyrerepresentant. Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møterett i kommunestyret og talerett når utvalet sine saker blir handsama. Leiar har møtt i kommunestyret i slike saker.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Ho har i 2019 ikkje møtt på nokre av møta Rådmannen har ikkje møterett, men kan bli invitert eller kalla inn. Han har møtt på to av fire møte. I tillegg har økonomisjef møtt for rådmannen i eitt møte og han orienterte i regnskapssaka i mai.

For valperioden 2019–2023 har Sveio kommunestyre valt følgjande medlemmer:

#### **Faste medlemmer**

Leiar	<b>Ole-Ørjan Hov</b> (MGD)
Nestleiar	<b>Arne Valen</b> (Sp)
Medlem	<b>Solfrid Aasen</b> (Sp)
Medlem	<b>Gustav Eidsvåg</b> (Frp)
Medlem	<b>Marit Elise Lier</b> (Ap)

#### **Numeriske varamedlem:**

1. Per S. Wathne (KrF)
2. Bjørn Gerhard Huseby Frp
3. Hege Hobberstad Vigre (Sp)
4. Randi Skimmeland (Ap)
5. Andreas Bårtvedt (H)

Utvalsleiar er nå utvalet sin kommunestyrerepresentant.

Møta vert gjort kjent på kommunen sine nettsider og sekretariatet sine heimesider ([www.kontrollutvalgene.no](http://www.kontrollutvalgene.no)). På desse stadene vert også sakspapira og protokollar lagt ut.

---

### **3. UTVALET SIN AKTIVITET I 2019**

---

Kontroll- og kvalitetsutvalet har i 2019 hatt **5** (4) møte, fordelt på tre om våren og to på hausten. Utvalet skal ha opne møte er opne, men dei skal eller kan vedta lukking når dette er heima i lov. Utvalet held sine møte i kommunestyresalen i rådhuset.

Utvalet har i 2019 hatt **31** (28) saker til handsaming der **8** (5) av sakene er vidare sendt til handsaming i kommunestyret. **51** (34) saker er blitt lagd fram til orientering. Samla oversyn over sakene følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

På kontrollutvalskonferansen i regi av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) i februar og på konferansen til Forum for kontroll og tilsyn i Kristiansand i juni deltok ingen. På dagskonferansen på Sandnes for kontrollutval i Rogaland deltok leiar og nestleiar frå Sveio. Normalt er denne i november, men pga. val av nye utval blei denne samlinga arrangert 9. januar 2020.

---

### **4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER**

---

Kontrollutvalet har oppgåver knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

---

#### **4.1 REKNESKAPSREVISJON**

---

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap og rekneskap til kommunale føretak vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møtet 07.05.19, sak 9/19 kommunen sin årsrekneskap for 2018 til handsaming. Totalt sett blei rekneskapen for 2018 gjort opp med eit driftsoverskot på kr 6 mill. og positivt netto driftsresultat med 26,4 mill. kr. Det utgjør 5,3 % og var litt betre enn resultatet året før. I same møte blei uttalen til rekneskap for Ryvarden Kulturfyr KF godkjent. Underskotet her var på k 85.588.

Utvalet kom med spørsmål som det blei svarta på. I følgje rådmannen ville overskotet ikkje føre til auke i budsjettet, men at det ikkje hadde blitt gjort grep med innsparingar. Utvalet hadde inga merknader til rekneskapen.

---

## 4.2 FORVALTNINGSREVISJON

---

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det regelmessig vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Kommunestyret skal vedta planen. Sveio kommune sin plan for 2016-2020 blei vedteken av kommunestyret i møte 31.10.16, sak 111/16. Ny plan for 2020-2024 skal bli vedteken i år.

Rapport om «Barnevern» blei lagd fram for utvalet 24.10.19 og vidaresendt til kommunestyret 11.11.19, sak 61/19. Revisor hadde ti tilrådingar. Rådmannen skal komme med tilbakemelding om oppfølging av rapporten innan 9 månader, dvs. hausten 2020.

Prosjekt om barnevernet blei valt i haust som nytt prosjekt i samsvar med planen. Prosjektmandat skal handsamast på nyåret og rapport vil vere klår hausten 2019.

Oppfølging av tidlegare forvaltningsrevisjonsrapportane «Internkontroll» frå hausten 2017 og rapport «Saksførebuing og vedtaksoppfølging» frå 2018 blei lagt fram for utvalet mai og kommunestyret i juni, sakene 35 og 36/19 i møtet 17.06.19. Sakene blei tatt til orientering.

---

## 4.3 SELSKAPS- OG EIGARSKAPSKONTROLL

---

Kontrollutvalet er også pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeide ein plan for gjennomføring av si eigarskapskontroll. Planen for 2016-2020 og retningslinjene for slik selskapskontroll blei vedtatt av kommunestyret i møte 31.10.16, sak 112/16 på bakgrunn av overordna analyse. Ny plan vil bli utarbeida og vedteken i år.

Samordna selskapskontroll med eigarkommunane av Karmsund Havn IKS blei vedteken og gjennomført i 2018. Rapport blei lagt fram for kommunestyret i juni (sak 48/18). Det blei sett 12 månader for frist for tilbakemelding. Svar på oppfølging av rapporten blei overlevert frå selskapet april 2019. Rådmannen svarta munnleg. Saka blei lagt fram for kontrollutvalet i juni og vidaresendt til kommunestyret sitt møte 30.09.19, sak 70/19.

Det var nemnt at eigarstyring skulle vere tema i opplæring av dei folkevalte. Eigarskapsmelding er nå lovpålagt å utarbeide for alle kommunane etter ny kommunelov

Utvalet har i 2019 også fått orientering om drifta til selskap der kommunen er deleigar. I januar var styreleiar og dagleg leiar for Vestavind AS og orienterte om selskapet.

---

#### 4.4 TILSYN MED REVISOR

---

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor. Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte.

Deloitte AS har sidan 01.07.16 vore kommunen sitt revisjonsselskap. Noverande avtale gjeld frå 01.07.16 til 31.06.20, men blei forlenga med 1 år til 31.06.21 ved bruk av kommunen sin opsjonsavtale.

Sak om bruk av opsjon eller ny anbudsrunde blei lagt fram for kommunestyret i juni, sak 38/19. Arbeidet med ny anbuds konkurransen vil starte i vår og val av revisjonsselskap vil skje til hausten 2020

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er Else Holst-Larsen og ho har møtt i tre av fem møte. Forvaltningsrevisorane har kontor i Bergen og har møtt også i tre møte i 2019.

Deloitte AS har lagt fram uavhengighetserklæring, presentert plan for revisjonsarbeidet, orientert om interimrevisjonsarbeidet og lagt fram prosjektplan for kommande rapport og utarbeida rapport.

---

#### 4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

---

Tilsyn med forvaltninga kan gjerast ved at utvalet får orientering frå rådmannen om spørsmål og saker utvalet har tatt opp.

I junimøtet var det sett opp eige sak om kommunen si personalforvaltning på bakgrunn av plan for orienteringar i 2018. Rådmannen orienterte om organisering, planar for kompetanseheving, samt oppfølging av arbeidet med personvernlova.

I tillegg har utvalet hatt to saker sendt over frå innbyggjarar til handsaming. Til junimøtet fekk utvalet ettersendt ei referatsak med klage på sakshandsaming i ein byggesak. Saka blei avvist, då utvalet sitt fokus er systemkontroll og ikkje klage på enkeltvedtak eller overprøving av politiske vedtak. Den andre saka gjaldt ei sak om klage på utslippsvedtak. Også denne som blei avvist i septembermøtet då saka låg utanfor kontrollutvalet sitt mandat. Utvalet viste til teknisk etat sitt ansvarsområde og deira handsamingsreglar.

Økonomisjefen orienterte i november om budsjettsituasjonen.

---

### 5 BUDSJETT/REKNESKAP FOR TILSYN OG KONTROLL

---

ANSVAR SOMRÅDE 10010	REGNSKAP 2018	BUDSJETT 2019	REGNSKAP 2019
REVISJON OG KONTROLLUTVAL			
Godtgjersle, kurs, m.m	90 188	84 000	52 791
Revisjonstenester (avt m/priv.)	358 575	409 000	428 615
Sekretariatstenester ((IKS)	172 000	177 000	177 000
Sum utgifter	<b>620 763</b>	<b>670 000</b>	<b>658 406</b>

Kontrollutvalet handsama hausten 2019 framlegg til budsjett for tilsyn og kontroll for 2020. Framlegg til budsjett var på kr 700 000 eks. mva. Framlegget blei lagt inn av administrasjonen i rådmannen sitt budsjettframlegg og blei vedteken av kommunestyret som ramme for 2020.

---

## 6. SEKRETARIATET FOR KONTROLLUTVALET

---

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmannen eller revisjonen. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS blei etablert 2005 og vore i drift i 15 år.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med tre revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Agder og Hordaland.

Fast utvalssekretær har vore dagleg leiar Toril Hallsjø. Sekretariatet har eigne heimesider, [www.kontrollutvalgene.no](http://www.kontrollutvalgene.no), kor alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpande.

Frå Sveio kommune er utvalsleiar Olav Haugen valt til representantskapet i IKSet med Ole-Ørjan Hov som vara. Representantskapsmøtet blei heldt 06.15.19 og Haugen leia møtet, då han var valt av representantskapet som leiar. Ny strategiplan for selskapet bli mellom anna vedteken.

For valperioden 2019-2023 er Ruth Ø. Eriksen valt som medlem i representantskapet med Asle G. Halleraker som varamedlem.

---

## 7. OPPSUMMERING

---

Aktiviteten i 2019 har vore som planlagt. Det har vore utarbeidd og lagt fram ein rapport om barneverntenesta. Det har vore tre oppfølgingssaker om tidlegare rapportar. Administrasjonen har gjort greie for saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året, mellom ann om personalforvaltninga. To klager er blitt avvist, då deira saker låg utanfor utvalet sitt mandat.

Utvalet har fått orientering frå eit selskap der kommunen er deleigar. Administrasjonen har elles gjort greie for økonomisituasjonen gjennom rekneskap og budsjett, samt andre aktuelle saker.

\*\*\*

Sveio, den 10.02.20

Ole-Ørjan Hov  
leiar (sign.)

**OVERSYN OVER SAKER – SVEIO KONTROLLUTVAL 2019****Saker til handsaming:**

- 1/19 Godkjenning av protokoll frå møtet 30.10.18
- 2/19 Orienteringar om selskap – Vestavind – bygdeblad for Sveio
- 3/19 Prosjektplan – forvaltningsrevisjon – «Barneverntenesta»
- 4/19 Kontrollutvalet si årsmelding 2018
- 5/19 Referat- og orienteringssaker 22.01.19
  
- 6/19 Godkjenning av protokoll frå møtet 22.01.19
- 7/19 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport «Internkontroll»
- 8/19 Oppfølging av forvaltn.rev.rapport «Saksførebuing og vedtaksoppfølging»
- 9/19 Sveio kommune – uttale til årsrekneskapen for 2018
- 10/19 Ryvarden Kulturfyr KF – rekneskap og årsmelding 2018
- 11/19 Revisjonsavtalen til 2020 – bruk av opsjon eller nytt anbod i år
- 12/19 Referat- og orienteringssaker 07.05.19
  
- 13/19 Godkjenning av protokoll frå møtet 07.05.19
- 14/19 Orientering om kommunen si personalforvaltning
- 15/19 Oppfølging av selskapskontroll – Karmsund Hamn IKS
- 16/19 Evaluering av kontrollutvalget sitt arbeid i perioden – 1. gang
- 17/19 Referat- og orienteringssaker 18.06.19
  
- 18/19 Godkjenning av protokoll frå møtet 18.06.19
- 19/19 Forvaltningsrevisjonsrapport «Barneverntenesta i Sveio kommune»
- 20/19 Revisor si eigenerklæring for 2019
- 21/19 Budsjett 2020 – kontrollarbeidet i kommunen – utvalet sitt framlegg
- 22/19 Evaluering av kontrollarbeidet i perioden 2015-2019 – 2. gang
- 23/19 Referat- og orienteringssaker 23.09.19
  
- 24/19 Kontrollutvalet sine oppgåver og ansvar
- 25/19 Møteplan for 2020 - kontrollutvalet
- 26/19 Godkjenning av protokoll frå møtet 23.09.19
- 27/19 Revisjonsplan for rekneskapsåret 2019
- 28/19 bestilling av risiko- og vesentlegheitsvurderingar og plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2020-2024
- 29/19 Orientering o om økonomisituasjon og framlegg til budsjett 2020
- 30/19 Referat- og orienteringssaker 25.11.19
- 31/19 Namneendring – Sveio kontroll- og kvalitetsutval

**Referat- og orienteringssaker 2019**

1. Statusoversikt - januar 2019
2. Rådmannen si forklaring for utsett sak om oppfølging av rapport om internkontroll
3. Kommunestyrevedtak 22.11.18, sak 90 /18 – Forvaltningsrevisjonsrapport «Saksførebuing og vedtaksoppfølging»
4. Rekneskapstall 2018 – ansvar 1010 – kontroll og revisjon – funksjon 1100
5. Haugaland Brann og redning IKS – protokoll frå representantskapsmøte 28.11.18

6. Karmsund Havn IKS – protokoll frå eigarmøte 28.11.18
7. Haugaland Vekst IKS – protokoll frå representantskapsmøtet 21.12.18
8. Årsrapport og skatterekneskap 2018 - skatteoppkrevjaren i Sveio kommune
9. Sivilombudsmannen om lukking av møter i kontrollutval
10. Haustkonferansen 22.11.18 i Sandnes
  
11. Statusoversikt april 2019
12. Kommunestyrevedtak 18.02.19, sak 9/19 – Sveio kontrollutval – årsmelding 2018
13. Kontrollrapport 2018 vedk. skatteoppkrevjaren for Sveio kommune
14. Samarbeidsrådet for Sunnhordland – referat frå repr.skapsmøte 05.04.19  
Karmsund Havn IKS – innkalling til møte i havnerådet 25.04.19
15. Haugaland Brann og redning IKS – innkalling til representantskapsmøte 26.04.19
16. Haugaland Vekst IKS – innkalling til representantskapsmøtet og rådsmøte 30.04.19
17. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS – representantskapsmøte 06.05.19
18. Kontrollutvalgskonferansen 30.- 31.02.19 på Gardermoen v/sekr.
19. Kommunal rapport - 31.01.19 – «Forvaltningsrevisjon utvikler lokaldemokrati»
20. Kommunal rapport - 14.03.19 – «synlige kontrollutvalg kan oppnå mer»
  
21. Statusoversikt juni 2019
22. Haugaland Vekst IKS – protokoll frå representantskapsmøte 30.04.19
23. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS – protokoll fra repr.skapsmøte 06.05.19
24. Krisesenter Vest IKS - protokoll fra representantskapsmøte 03.06.19
25. FKT og Arendalsuka 2019 – info skriv frå FKT
26. Brev m/vedlegg , dagsett 16.06.19, om sakshandsaminga i ei byggesak
27. Statusorientering om forvaltningsrevisjonsarbeidet
  
28. Statusoversikt september 2019
29. Kommunestyrevedtak 17.06.19 sak 35/19 – Oppfølging av rapport - Økonomistyring
30. Kommunestyrevedtak 17.06.19 sak 36/19 – Oppfølging av rapport – Investeringar
31. Kommunestyrevedtak 17.06.19 sak 38/19 – Revisjonsavtalen- bruk av opsjon
32. Brev/e-post frå Haukås den 25.06.19 med vedlegg
33. Presisering frå Haukås den 12.08.19
34. Førebels svar til Haukås på brev til kontrollutvalet, sendt 26.06.19
35. Generalforsamlingsprotokoll av 11.06.19 - Haugaland Kraft AS
36. Representantskapsprotokoll av 28.06.19 – Haugaland Brann og redning IKS
37. Innkalling til møte i havneråd/repr.skap 05.09.19 – Karmsund Havn IKS
38. NKRF – «Rettsikkerhet – en del av fellesskapets verdier»
39. Val av kontrollutval for perioden 2019-2023 – brev frå FKT 01.07.19
  
40. Statusrapport pr. november 2019
41. Kst. vedtak 30.09.19, sak 61/19 – Forvaltningsrevisjonsrapport Barneverntenesta
42. Kst. vedtak 30.09.19, sak 61/19 – Oppfølging av selskapsktrl – Karmsund Havn IKS
43. Kst. vedtak 14.10.19, sak 82/19 – Val av kontrollutval 2019-2023
44. Taushetserklæringsskjema (signert i møtet)
45. Protokoll frå representantskapsmøte i Haugaland Brann og redning IKS 14.11.19
46. Innkalling til repr.skapsmøte i Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS 06.12.19
47. Innkalling til representantskapsmøte i Haugaland Veks IKS 13.12.19
48. Ønsker åpenhet og innsyn i kommunenes arbeid – Kommunal Rapport 28.10.19
49. Konferanse 2020 for kontrollutvalene i Rogaland - Sandnes 09.01.20
50. Invitasjon til NKRFs kontrollutvalgskonferanse 29. – 30.01.20
51. Invitasjon til folkevaldopplæring for kontrollval i Hordaland - Solstrand 18.-19.02.20

\*\*\*